

# Kyrkjeblad for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 3 - 2015 - 74. årgang



*Skuleklare 6-åringar og biskop Solveig Fiske tek ein pust i bakken.  
Det tek på å vatne med skjeltreko!*



## Ein spennande haust

Eg las i Fjuken for ei tid tilbake at det er nokon som meiner at Lom kyrkjeleg råd går baklengs inn i framtida. Saken handlar om opningstida for Lomskyrkja i turistsesongen. No kan det sjølv sagt seiast mykje om både opningstid, turistar og kyrkja i Lom – men å seia at me går baklengs inn i framtida er noko eg ikkje kjenner meg att i. Tvert om – Lom kyrkjelege råd satsar friskt på framtida – med ynskje om ei open og raus folkekyrkje. Det er viktig å hugse at kyrkja i Lom ikkje er noko museum – men ei levande kyrkje kor folk møtest i både glede og sorg.

Me står framfor ein spennande haust i kyrkja. Fyrst og fremst har me kyrkjevalet i september månad, der nye medlemmar av Lom kyrkjelege råd skal veljast – samstundes som det skal veljast nye kandidatar til Hamar bispedømmeråd.

Folkekyrkja vår står framfor nye og store utfordringar. Oppslutnaden om kyrkja minkar – det er færre til gudsteneste, færre dåpar, og kyrkjelege vigslar er synkande. I denne situasjonen treng me eit sterkt engasjement for kyrkja av kyrkja sine eigne medlemmar. Eg vonar difor at mange tek del i haustens kyrkjeval og nyttar røysteretten sin. Det handlar kort sagt om kva slags kyrkje du og eg ynskjer at Den norske kyrkja skal vera.

Lom kyrkjelege råd og eg som sokneprest ynskjer å lytta til kva folket i våre tre sokn ynskjer for kyrkja. Men då må òg folket nytta både tale- og røysteretten sin!

Eit nytt konfirmantkull startar no i haust – med eit nytt konfirmantopplegg. Me gler oss til å vera saman med konfirmantane – for å verta betre kjende, og for å skapa eit godt forhold til kyrkja for ungdommane. I haust vert det òg bakedag og haust-takkefest med utdeling av kyrkjebok til 4-åringane, ljøsmesser i adventstida og helgemesse. Me vonar at det vert mykje song og musikk på messene – Lom kyrkjelege råd ynskjer eit godt samarbeid med kommunen sine mange song- og musikk-krefter.

Sjølv sagt er økonomien ein stor utfordring for oss i kyrkja. Kommunen gjev oss nøyaktig det same beløpet kvart år – medan utgiftene våre aukar. Det seier seg sjølv at det ikkje kan gå i det lange laup. Utan inntektene frå omvisartenesta i Lomskyrkja, hadde me gått med dunderande underskot. Difor vert det ein spennande haust for å sjå kva politikarane etter kommunevalet vil gjera med kyrkja sin økonomi.

Etter eit år som sokneprest i Lom, kan eg sjå attende på eit rikt og interessant år. Mange spør meg framleis om eg trivst i Lom. Det gjer eg so visst – og eg er glad for alle attendemeldingar som folket gjev meg. Eg vonar at me saman kan skapa ei open folkekyrkje her i Lom. Og eg kan lova at me skal ikkje gå baklengs inn i framtida!

*Einar Gelius*



## Konfirmantar:

Neste års konfirmantar skal skrive seg inn **tysdag 1. september**. Vi tek ein tur til Trondheim med denne gjengen fyrste helga i oktober, så vi vert godt kjende med dei til presentasjonsmessa i Garmo kyrkje **sundag 11. oktober**.

*Vi gler oss!*



# Bispevisitasen 2015



I Lom kyrkjekommune fekk vi besøk av biskop Solveig Margrete Fiske 5.-7. og 10. mai. Med seg i fylgjet hadde ho avtroppande rådgjevar, pilegrimsprest Arne Bakken, og påtroppande rådgjevar, sokneprest Kenneth Hansen. Prost i Nord-Gudbrandsdal prosti, Paul Skuland, fylgde også med heile visitasen. Det vart travle, men fine dagar. Biskopen med fylgje fekk sjå mykje av bygda, men hadde vi hatt ein månad i staden for tre dagar, kunne vi synt dei så mykje meir.

**Dag 1:** Visitasen vart innleia ved ei stutt morgonmesse i Lomskyrkja tysdag 5. mai, før turen gjekk vidare innom stavkyrkjesenteret. Stavkyrkjesenteret ligg noko bortgøymd i kjellaren i gamle prestegarden som tidlegare husa Loar skule. Det er ynskjeleg at samlinga kan få ei betre plassering, da denne er verdt å syne fram. Vidare hadde biskopen med fylgje møte med Lom kyrkjeleg råd, og deretter staben. Dagens lunsj var lagt til Bakeriet i Lom, der Morten Schakenda fortalde historia om både bakeriet og seg sjølv.

Så kom turen til eit besøk på gamle Garmo kyrkjegard. Der synte Torgeir Erland Garmo og systema Anne Jorunn Dalsegg rundt, og dei fortalde historia til staden der gamle Garmokyrkja i si tid stod.

Da eftan kom, reiste biskopen m/ fylgje til Brimi seter for middag. Friviljuge, som på kvar sine vis bidreg i arbeid i kyrkjelyden, var også inviterte til middagen, slik at biskopen skulle få høve til å helse på dei. Under måltidet fortalde Hans Brimi om staden og historia kring denne, samt visjonane han og ekte-mannen Ola har for framtida.

Så var det tid for folkemusikkmesse i Garmo kyrkje. Amund Bjørgen med barnebarna Anna og Ingebjørg baud på flott og samstemd felespel, medan Gjellingjomen med Reidar Svare fylte kyrkjerommet med vakker song.

Dagen vart runda av med kyrkjekaffe i Skogheim, der vertinna Astrid Botten og ektemannen Oddvar Aanstad baud på kaffe og fersk kringle.

**Dag 2:** Biskopen med fylgje starta dagen med møte, denne gongen med kommuneleiinga og lensmannen. Hovudtemaet i dette møtet var den kriminelle statusen i kommunen, og økonomi. Kyrkja og kommunen har mange lovpålagde oppgåver dei skal samarbeide om, og det er ikkje grunn til å leggje skjul på at dette gjev økonomiske utfordringar.

Så stod besøk og andakt på Lom Helseheim for



*Foto: Kyrkjekontoret i Lom.*

tur. Her fekk biskopen med fylgje prate med både brukarar og tilsette, og alle fekk ei triveleg kaffestund i lag.

Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule, avdeling Lom har sidan hausten 2013 halde hus i nybygget Utgard. Som andre bygdesamfunn slit Lom med negativ folketalsutvikling, og det er positivt at vi har tilbod om vidaregåande skule her. Med sine stabile og gode resultat er dette ein svært populær skule, og det vart difor naturleg at bispevisitasen også var innom der. Her fekk biskop Solveig mange gode spørsmål og fine samtaler med svært så reflekterte elevar. Etterpå vart det omvising og samtaler med lærarstaben.

Så var det tid for å sjå på noko av det som skjer innan trusopplæringa i Lom kyrkjekommune. Aktiviteten som passa med tidspunktet for visitasen var «Kornet» med 6-åringane. Biskop Solveig fekk sjå at 6-åringane sādde korn og vatna med skjeltreko som frå gamalt av. 6-åringane hadde på førehand laga eit fint bilete med «Den gylne regel» som dei gav i gāve til biskop Solveig. Det var ingen tvil om at biskopen og 6-åringane fekk god kontakt!

Etter møtet med 6-åringane reiste fylgjet til Røisheim, der dei fekk eit etterlengta, godt og vel-smakande måltid.

Neste post på programmet var rakedugnad på kyrkjegarden i Bøverdalen. Biskop Solveig hadde sett fram til denne posten, for ho trivst med slik aktivitet og skulle samstundes få treffe mange trivelege folk. Dugnaden var ferdig til fylgjet kom, så ho fekk ikkje nytta riva, men ho treffe mange trivelege bøverdølar!

Etter dugnaden vart det ei stutt kveldsmesse med nattverd i Bøverdalskyrkja, der Lom Barneklang song så nydeleg. Dagen vart avslutta i Boomerstugu med kyrkjekaffe, gode kaker og i svært munter tone!



**Dag 3:** Siste vekedag i bispevisitasen tok til med besøk ved Loar skule. Her vart det både allsong, felles morgongymnastikk og besøk i nokre klasser. Både 1., 2. og 5. klasse hadde førebudd gode, artige og nyfikne spørsmål til biskop Solveig, og 5. klasse kunne i tillegg by på ein framifrå minikonsert. Det er ikkje tvil om at Loar skule fostrar mange talent!

På lærarrommet vart det bydd på god frukt- og byggrynsblanding, kaffe og bakst. Rektor informerte om samarbeid skule-kyrkje, både eksisterande og planlagde tiltak.

Så stod besøk ved Loar Barnehage for tur, og der held dei fram med meir aktivitet. Her var det lagt opp ei spørsmålsløype med spørsmål om bygda, matematikk og meir. Ungane på Loar Barnehage kan utruleg mykje! Dei visste også vel at vi skal stå i kø når vi er fleire, og at det er svært viktig å vaske hendene før ein set seg til bords. Rutine! Ungane og dei vaksne ved Loar Barnehage synt seg som svært godt vertskap, og baud på gode nysteikte vaflar, saft og kaffe.

Lom Ungdomsskule var neste post på programmet. Her var det lagt opp til fellesmøte med alle elevane i auditoriet, og møtet vart kyndig leia av elevrådsrepresentantane Oda Lund Aakre og Erlend Synstnes. Espen Barlund Nicolaisen, Espen Sveine, Julie Garmo og Kjartan Haugen Foss opna med musikalske godbitar. Både biskop Solveig og sokneprest Einar fekk mange gode spørsmål frå ungdomane, både kring arbeid, politikk og daglegliv. Da skuledagen var slutt for elevane, inviterte lærarstaben til samtale med kaffe og god kake. Her skisserte biskopen sine tankar kring samarbeidet ungdomskulen-kyrkja, og det vart samtala om utfordringar kring dette.

Så gjekk turen innom Norsk Fjellmuseum, der Mai Bakken tok imot bispefylgjet. Ho synt rundt i utstillingane, fortalde om museet si historie og visjonar for vegen vidare.

Det offisielle programmet ved bispevisitasen desse tre vekedagane vart avslutta med fredskonsert i Loms kyrkja. Dette passa godt i og med at dette var kvelden før frigjeringsdagen. Elevar med valfaget «Sal og scene» baud på ei framsyning, der dei spela og song med innleving og kjensler. Dette var så vakkert og mektig at vi tør hevde at alle som sat i kyrkja på eit tidspunkt måtte tørke bort ei tåre eller to frå augekroken. Valfaget «Sal og scene» er leia av lærar Aud Sørhage, og ho har verkeleg fått fram det beste i desse ungdomane. Dei som spela instrument var samspelte og

trygge, leikeins var det sterke songarar med klokkeklåre røyster. Ei flott stund!

**Dag 4:** Sondag 10. mai var det visitasgudsteneste i Lomskyrkja, der det også vart feira to barnedåpar. Lom Spelemannslag og Lomsklangen varta opp med musikalske innslag i gudstenesta, og biskop Solveig heldt preika, der ho mellom anna tok opp veka som hadde gått og kva tankar ho hadde gjort seg.

Etter gudstenesta vart visitasen avslutta med kyrkjekaffe på Fossberg. Der fekk biskopen si eiga skjeltreko frå Lom kyrkjelege råd. Ei naturleg gåve sidan vi har skjeltrekor i kommunevåpenet, og ho hadde sett dei i bruk av 6-åringane tidlegare i veka. Biskop Solveig heldt sitt visitasforedrag, der ho heldt fram positive sider ved drifta i Lom, samstundes som ho utfordra oss på ein del ting. Alt kan heile tida gjerast betre!

## **Utfordringar gjeve ved bispevisitasen i Lom 4.-10. mai 2015:**

- 1) Eg vil tilrå at det blir gjort ein gjennomgang når det gjeld plassering av døypefonten i alle dei tre kyrkjene slik at dei får synleg plass i kyrkje-rommet også når det ikkje blir forretta dåp.
- 2) Eg vil utfordre til å halde fram med å bruke kyrkja sitt rom med alt som ligg der av symbolikk og utsmykking og konkret formidling for trusopplæringa og samarbeidet skule/kyrkje. Syte for å løfte fram dei skattane de har som i dag ikkje er så tilgjengelege.
- 3) Eg vil utfordre til å arbeide fram ei samling av salmar og songar (om lag 30 i talet) for høgtider og kyrkjelege handlingar som kan brukast både i trusopplæringa, i samarbeidet kyrkje/skule, i konfirmantarbeidet og ved høve der det er naturleg å bruke dei.



Foto: Kyrkjekontoret i Lom.



## Bispevisitasen 2015



- 4) Eg vil utfordre til å halde oppe og styrke relasjonen til barnehage og skule. Dette kan gjerast ved at ein på nytt går gjennom dei planane og det samarbeidet som finst i dag Dette handlar om å utvikle vidare konkrete avtalar som er gjennomførlege i samarbeidet mellom skule og kyrkje, og samarbeidet mellom barnehage og kyrkje ut frå gjeldande lov- og planverk.
- 5) Eg vil utfordre Lom kyrkjelege råd til å arbeide vidare med å planlegge og administrere møta sine slik at det blir ei tydelig skilje mellom sokne- råds- og fellesrådssaker og at tida disponerast slik at begge saksområda får tilstrekkeleg merksemd.
- 6) Eg vil utfordre til å ta vare på det gode samarbeidet med Lom kommune ved at ein formaliserer årlege budsjett- og statusmøte for økonomi og anna verksemd. Konkret kan det handle om:
  - a. Å formalisere eitt eller fleire budsjettmøte før kommunens budsjett ligg føre, og halde minst eitt møte i vår/sommarhalvåret der ein fokuserer på økonomien i fellesrådet og det fellesrådet har ansvar for.
  - b. Å arrangere eit felles orienteringsmøte mellom det nye formannskapet og kyrkjeleg fellesråd i kvar ny periode etter val. Dette inkluderer mellom anna opplæring av dei folkevalde i kommunen med tanke på kyrkja sitt verksamdområde.
  - c. Å løfte fram at det er ønskeleg at kommunen sin representant i det kyrkjelege råd har sete i kommunestyre/ formannskap mellom anna for å sikre god informasjonsflyt.
- 7) Eg vil utfordre til å lage ein langtidsplan for å halde ved like bygg og anlegg.
- 8) Ut frå den nye ordninga for gudsteneste i Den norske kyrkja vil eg utfordre til å ha eit vedvarande fokus på å involvere folk som medliturgar, bruke musikk- og songkrefter og samarbeide med ulike lag og organisasjonar.
- 9) Eg vil utfordre til å etablere ein fast rutine med stabsmøte kvar 14. dag. Eit stabsmøte treng å ha ei avtala tidsramme og ein agenda som er føreseieleg eller fast.

*Hamar biskop 10. mai 2015  
Solveig Fiske*



*Vi vil takke biskop Solveig Fiske, Arne Bakken, Kenneth Hansen og Paul Skuland for besøket denne mai-veka, og ynskjer dei alle, heile tida, velkomne til Lom!*

# Kyrkjevalet 2015

## Måndag 14. september er det kyrkjeval og val av bispedømeråd.

Når det gjeld kyrkjevalet, er det høve til å førehandsrøyste på kyrkjekontoret frå og med veke 33/2015.

Alle som er medlemmar av Dnk og fødte i 2000 eller tidlegare er røysteføre.

Det lokale kyrkjelege rådet er eit viktig organ fordi det er folkevald, men også fordi dette er personar som kjenner lokalsamfunnet og lokale tradisjonar som kyrkja er ein del av. Avgjerder som vert tekne i neste valperiode vert viktige for kva slag kyrkje vi skal ha i åra framover. Dette gjeld ikkje berre på sentralt nivå i Den norske kyrkja, men også kva for fullmakter skal leggst til soknenivå. Difor treng vi gode rådsmedlemmar som kan ta vare på ei kyrkje folk flest kjenner seg knytt til, samt ser som ein naturleg arena for feiring av dåp, konfirmasjon og vigsel. Her er kandidatlistene for vårt lokale val:

### Bøverdalen sokn

1. Asbjørn Hansen,  
62 år



2. Randi Glimsdal Bakke,  
52 år



3. Steinar Aabø,  
29 år



4. Mina Rigmor Marstein,  
53 år



5. Anne Regina Galde,  
34 år



6. Kari Anna Bækken,  
61 år



7. Halldis Solfrid Kvalshagen,  
52 år



8. Ingrid Vassmo Sulheim,  
35 år



### Garmo sokn

1. Torstein K. Garmo,  
66 år



2. Sigrun Garmo,  
49 år



3. Steinar Hov,  
56 år



4. Helge Husom,  
55 år



# Kyrkjevalet 2015

5. Bodil Kleiven,  
48 år



6. Tina Turtum,  
24 år



7. Ole Rune Skansen,  
46 år



8. Oddrun Pauline Løkken,  
32 år



## Lom sokn

1. Bente Kristin  
Sulheim Ovesen, 64 år



2. Rolv Olav Rusten,  
60 år



3. Marit Sletten,  
23 år



4. Eldri Bjørnstad  
Kolden, 43 år



5. Per Morten Mork,  
48 år



6. Bård Hanem,  
75 år



7. Mariann Helstad,  
48 år



8. Per Håvard Husom,  
50 år



9. Aud Kvamme,  
44 år



10. Kjell Magne Lunna,  
55 år



Det skal også veljast nytt bispedømeråd ved kyrkjevalet til hausten. Bispedømerådet består av ti medlemmar, og alle bispedømeråd i landet utgjør til saman Den norske kyrkje sitt «Storting», Kyrkjemøtet. Når det gjeld bispedømerådsvalet, er det to kandidatlistar. Ei liste er utarbeidd frå nominasjonskomiteen, og den andre er lista frå Open folkekyrkje. Listene finn de på dei to neste sidene.

*Vi vonar folk møter opp og nyttar røysteretten sin!*



## Kandidatenes svar på kirkeaktuelle spørsmål

1. Det skal vedtas ny kirkelov og ny kirkeordning. Hva vil du legge vekt på?
2. Bør Den norske kirke fortsatt finansieres av kommune og stat eller ved medlemsavgift?
3. Skal Den norske kirke vie likekjønnede?

	<b>1. Dag Landmark (67)</b> <b>Gjøvik</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>2. Torunn Elise Kvisberg (48)</b> <b>Nordre Ål</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>3. Reidar Åsgård (72)</b> <b>Engerdal</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>4. Anne-Lise Brenna Ording (28)</b> <b>Vinger</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>5. Inger Johanne Reiestad Hansen (62)</b> <b>Hamar</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Kirken bør ikke ha vigselfrett
	<b>6. Torstein Lerhol (29)</b> <b>Vang i Valdres</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>7. Gunnar Gjevre (59)</b> <b>Arneberg</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Finansiering ved medlemsavgift 3. Nei til å vie homofile
	<b>8. Berit Elisabeth Meiningen (64)</b> <b>Lesja</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>9. Øyvind Sogn (33)</b> <b>Jevnaker</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile

	<b>10. Lise Holland (70)</b> <b>Ringsaker</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>11. Bjørg Antonsen (57)</b> <b>Hunn</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>12. Lars Lien (55)</b> <b>Hamar</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile, men kirken bør ikke ha vigselfrett.
	<b>13. Arnfinn Bjørgen (66)</b> <b>Stange</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Finansiering via kommune/stat 3. Nei til å vie homofile
	<b>14. Solveig Vatn Weisser (20)</b> <b>Vang i Valdres</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>15. Arnfinn Uthus (58)</b> <b>Elverum</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>16. Elin Gravdal Øvrebotten (57)</b> <b>Moen/Ål</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile
	<b>17. Ragnar Løsnesløkken (41)</b> <b>Fåvang</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Nei til å vie homofile
	Kandidatlisten er prioritert av en representant fra hvert prosti, oppnevnt av menighetsrådene i prostiet  Finn kandidatene på <a href="http://www.kirken.no/hamar">www.kirken.no/hamar</a>



## Kandidatenes svar på kirkeaktuelle spørsmål

1. Det skal vedtas ny kirkelov og ny kirkeordning. Hva vil du legge vekt på?
2. Bør Den norske kirke fortsatt finansieres av kommune og stat eller ved medlemsavgift?
3. Skal Den norske kirke vie likekjønnede?

 <p><b>1. Gunhild Tomter Alstad (40)</b> <b>Vang</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>10. Grethe Lingum Gjertsen (58)</b> <b>Vinger</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>2. Marianne Kjøllesdal Dyrud (42)</b> <b>Kapp</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>11. Sidsel Lied (67)</b> <b>Ottestad</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>3. Finn Ragnvald Huseby (66)</b> <b>Elverum</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>12. Jon Magne Pedersen Tangen (23)</b> <b>Løten</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>4. John J. W. Delourme (25)</b> <b>Furnes</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>13. Ole Gustav Narud (57)</b> <b>Åmot</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>5. Anne-Lise Marstein (53)</b> <b>Lom</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>14. Liv Melbye Wechsler (63)</b> <b>Hoff</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Både finansiering via kommune/stat og medlemsavgift 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>6. Trond Egil Gellein Løkken (41)</b> <b>Vingelen</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>15. Ole Midthun (20)</b> <b>Elverum</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>7. Henning Andersen (38)</b> <b>Aurdal</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>16. Steinar Barstad (62)</b> <b>Søndre Land</b> 1. Både videreføre kirken som vi kjenner den og tydeliggjøre skille/sidestille med andre trossamfunn 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>8. Solbjørg Skruklien (54)</b> <b>Øyer</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>17. Ingvild Kessel (19)</b> <b>Fåberg</b> 1. Tydelig skille mellom stat og kirke og sidestille Dnk med andre trossamfunn 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>
 <p><b>9. Roald Braathen (69)</b> <b>Brandbu</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>	 <p><b>18. Lasse Gran (68)</b> <b>Kapp</b> 1. Videreføre dagens kirkeordning 2. Finansiering via kommune/stat 3. Ja til å vie homofile</p>



Åpen folkekirke vil sikre at Den norske kirke forblir en åpen, bred og inkluderende folkekirke for alle.  
Åpen folkekirke vil arbeide for at også likekjønnede par kan gifte seg i kirken.  
Finn kandidatene på [www.kirken.no/hamar](http://www.kirken.no/hamar)



# Årets konfirmantar



## Konfirmantar i Lom kyrkje søndag 24. mai 2015



*Fremst frå venstre: Sokneprest Einar Gelius, Anette Sandviken, Mari Haugen, Ingrid Borgen, Ida Kamilla Sandviken, Mari Øien Øverli, Elisabeth Nordseth Holm, Maria Teigen, Camilla Brukveen. Andre rad frå venstre: Jens Blikken, Ola Soglo Vestad, Emil Haugen, Helene Ekle, Gina Kvamme, Sebastian Schakenda, Espen Sveine, Espen Barlund Nicolaisen. Tredje rad frå venstre: Erlend Synstnes, Hallvard Helstad, Kjell Erik Nestvold, Knut Skarset, Antonio Cristobal Øfeldt Marstein, Jarmund Øyen Kvernstuen. Foto: L.K. Haugen/P.S. Løkken.*

## Konfirmantar i Garmo kyrkje søndag 31. mai 2015



*Fremst frå venstre: Sokneprest Einar Gelius, Ingebjørg Hammerdalen, Andrine Reksen Sole, Malin Kvåle, Marie Apalseth, Julie Garmo. Bak frå venstre: Håvar Mørch-Reiersen, Iver Byrøygard, Torstein Bjørgen. Foto: L.K. Haugen/P.S. Løkken.*

## Konfirmantar i Bøverdalen kyrkje søndag 4. juni 2015



*Frå venstre: Marvin Moen, Halvor Hilleren Myren, sokneprest Einar Gelius. Foto: L.K. Haugen/P.S. Løkken.*



# Konfirmantjubiläum



Helga 1. og 2. august var det konfirmantjubiläum her i Lom. Hit var 50-, 60-, 70- og 80-årskonfirmantar frå Bøverdalen, Garmo og Lom invitert. Jubileet byrja med festmiddag og mimring på Fossberg laurdag kveld, og heldt fram med jubileumsmesse og kyrkjekaffe sundag. Vi vonar alle som møtte hadde ein triveleg treff! Bileta er frå laurdag kveld, og fotograf er Asbjørn Myrhaug.

## 50-årskonfirmantar (her møtte 22 av 42 inviterte):



*Øyen, Trygve Arnulf Repp, Kolbjørn Ragnar Stokke, Vidar Kleiven, Ottar Dalen, Tarjei Øverbø, Trygve Sørhage.  
Framme frå venstre: Anne Kari (Kolden) Paulsen, Magne Biløygard, Petra Synnøve (Bø) Hansen, Rolv Bjørn Laingen,  
Aud Torbild (Sveen) Aurmo, Ola Juustad, Bente Kristin (Sulheim) Ovesen, Ragnhild Anne (Åmot) Kveen,  
Astri (Holø) Enersvold, Liv Randi (Brukveen) Øygard.*

## 60-årskonfirmantar (her møtte 13 av 41 inviterte):



*Frå venstre: Erland Veslelia, Amund Bjørgen, Kristi Synnøve (Gjengedal) Bakken, Ivar Tonberg, Aase Magnhild (Øverli) Marstein, Torkjell Torekveen, Agnes (Olstad) Eriksen, Alma (Akslen) Kleiven, Liv Målfrid (Bårdseng) Nordvik, Jan Peder Ahlstrøm, Pål Ragnar Paulsen, Jan Kåre Botten, Helge Arne Byrøygard.*



## Demens

Demens er forårsaka av sjukdom i hjernen som øydelegg nervecellene og område i hjernen. Dette fører til varig svikt med symptom som minnesvikt, redusert orienteringsevne, problem med daglege gjeremål. Demens er ein folkesjukdom, og over 71 000 nordmenn lever i dag med demens. Etter som det vert stadig fleire eldre i befolkninga, vert det fleire som får demens. Demenssjukdommen er no registrert heilt ned til ein alder av 35 år.

### 10 tidlege teikn på demens:

- Minnetap som påverkar arbeidsevna
- Problem med å utføre vanlege oppgåver
- Desorientering om tid og stad
- Språkproblem
- Sveikka dømekraft
- Problem med abstrakt tenking
- Feilplassering av gjenstandar
- Åtferdsendingar
- Endringar i humør
- Redusering av initiativ og engasjement

## Lom Demensforening

- Arrangerer møte med forskjellig fokus på demens. Det er ope for alle og er ein god møtestad for pårørande.
- Arrangerer pårørandeskular om demens og gruppesamtalar, slik at pårørande vert betre i stand til å ta vare på seg sjølv og den som har fått sjukdommen.
- Er medarrangør på årlege fagseminar på Alzheimerdagen i september, og støttar Demensaksjonen kvar haust.
- Er høyringsinstans og representerer personar med demens og deira pårørande i samband med kommunale utgreingar om eldreomsorg.
- Lom Demensforening ynskjer å utvikle tilbodet på bakgrunn av innspel frå medlemmane sine.

### Vi ynskjer velkomne til:

- Tur til Brimi Fjellstugu, for demente med pårørande laurdag 12. september. Påmelding innan fredag 11. september.
- Pårørandekveld på Nordal onsdag 16. september kl.19:30
- Kaffekos på Lom helseheim laurdag 17. oktober kl.11:00

***Bli medlem no! Det kostar 350,- pr. år!***

**- og du mottok bladet «Hjerte og hjerne» fire gonger i året.**

### Ta gjerne kontakt med oss i styret!

• Leiar:	Kristine Berg	tlf. 994 28 701 og e-post: <a href="mailto:kristineberg86@gmail.com">kristineberg86@gmail.com</a>
• Nestleiar:	Kari Mette Øverli	tlf. 996 38 021
• Kasserar:	Wenche Kveom	tlf. 986 19 726
• Sekretær:	Arvid Brustuen	tlf. 907 38 388
• Styremedlem:	Live Myrhaug	tlf. 996 12 585
• Varamedlem:	Gunn Anita Flaten	tlf. 971 74 974
• Varamedlem:	Tove Husom	tlf. 482 90 691

Nasjonalforeningen  
for folkehelsen



Lom  
demensforening

Internett: [www.nasjonalforeningen.no](http://www.nasjonalforeningen.no) og  
[www.aldringoghelse.no](http://www.aldringoghelse.no)

E-post til Lom Demensforening:  
[lomdemens@gmail.com](mailto:lomdemens@gmail.com)

Organisasjonsnummer: 914 492 483

Støttekonto for Lom Demensforening:  
2085.26.64925



# Trusoppløringa



Sidan sist kyrkjeblad har det vore mykje aktivitet innan trusoppløringa i Lom kyrkjekommune, og meir skal det bli!



Fyrst i mai hadde vi Tårnagent-helg i Skjåk kyrkje. Hit var det invitert 8-åringar frå Nordberg, Skjåk, Bøverdalen, Garmo og Lom sokn. Frå bygda vår reiste det 6 flotte agentar. Biletet til venstre syner dei på veg inn i kyrkja.

Konfirmantane frå Skjåk og Nordberg var også med, og det vart ein lærerik dag både om ein var 8 eller 15 år.

Det vart servert «flaggermusgryte», og lensmannsbetjent Roger Haugen fortalde mykje om det å finne spor. På biletet til høgre ser vi konfirmant Magnhild frå Skjåk og tårnagent Eirik Magnus frå Garmo i lag med lensmannsbetjent Haugen. Dei leitte etter fingeravtrykk...



Konfirmantar og tårnagentar samarbeidde godt med å finne symbol i kyrkja, som kom fram frå mannakornblomar dei la i døypefonten.

Den som ville fekk vere med Torkjell kyrkje-tenar opp i tårnet. Terje frå Lom var organist i Skjåk denne dagen, og dei som ville fekk også prøve dette før messa byrja.



Alt vart avslutta med tårnagentmesse med kyrkjevandring, der konfirmantar og tårnagentar deltok.

6-åringane var inviterte til oss to gonger i vår. Fyrst ville vi gjerne treffe dei att etter bagedagen i fjor haust, og så prata vi ein del om dette med skulestart. Denne fine gjengen skal alle saman byrje på skule i Lom sentrum denne hausten, etter at også barneskulen i Garmo er lagt ned. Vi prata om «den gylne regel», som er fin å ta med seg på skulen og i kvardagen elles, både for liten og stor. Elles førebudde vi bispevisitasen, for biskop Solveig skulle også ta turen innom for å sjå kva 6-åringane skulle gjere veka etter denne fyrste samlinga. Korleis det gjekk, står skrive under «Bispevisitasen» på side 4 i bladet.



Fyrst i juni inviterte vi 4-åringane til å kome og så frø. Dei får sjøve med seg dette heim, for å følgje med om noko kjem opp or jorda, samt sjå til at spira får nok væte og solvarme. Denne dagen har vi diverre ikkje bilete frå, for vi vart meir opptekne av å prate og få frøa i jorda enn å finne fram foto-apparatet! Vi gler oss til å invitere 4-åringane attende til kyrkja 25. oktober! Da er det utdeling av 4-års-boka. Kanskje har 4-åringane med seg ein blome som har kome fram etter at dei sådde frø? Eller ei fin teikning av det som har spira? Vi er spente!

Retten før skuleferien kom 3. klasse til kyrkja for å halde dokkedåp. 3. klasse kunne utruleg mykje om dåpen; både kva presten gjer og seier, og korleis handlinga går føre seg. Mange turistar var også til stade i kyrkja denne dagen, og dei undra seg nok på kor fint det er å vere dokke i Lom!

Når dette bladet er i trykken, er vi på veg til Dalsvatnet med 11- og 12-åringar. Vi skal overnatte, ha aktivitetsløype, fiske, grille og kose oss. Vi vaksne i trusopplæringa i Lom gler oss til denne turen, og vil skrive om korleis dette var i neste utgåve av kyrkjebladet.

I veke 36 er det innskriving av neste års konfirmantar, og desse reiser på tur til Trondheim 3.-4.oktober. Sondag 11. oktober er det presentasjonsmesse i Garmo kyrkje kl. 19:30.

Laurdag 24. oktober vil vi invitere 5-åringane til vår årlege bakedag. Her bakar dei nattverdrød til messa neste dag, der også 4-åringane vil få utdelt bok.

Vi gler oss til kvart tiltak!

*Alle foto: Kyrkjekontoret i Lom*



## Lom Friviljugsentral inn i nye lokale



Nye lokale til Friviljugsentralen. Handverkarar har stått på med ombygging i Drengjestugu. Det vil bli annonsert eigen opningsdag, der det er høve til å kome og sjå kor fint sentralen har fått det.

### Aktivitatar frå hausten 2015:

- Gå-gruppa «Ut på tur»: kvar torsdag kl. 11:30. Møt opp ved Drengjestugu. I august og september: ta med mat og drikke. Frå oktober vert det servert lunsj på Friviljugsentralen. Velkomne til fine turar i nærområdet. Arrangør: Frisklivssentralen og Friviljugsentralen.
- Småbarnstreffen kvar måndag. (fyrste dato for hausten vert annonsert)
- Strikkegruppa kvar onsdag. (fyrste dato for hausten vert annonsert).
- Sentralen startar med «tysdags-treff»: den fyrste og den siste tysdagen i månaden. (fyrste dato for hausten vert annonsert).
- Og sentralen startar med «samling» for dei friviljuge: den fyrste fredagen i månaden. (fyrste dato for hausten vert annonsert)

Har du spørsmål kring aktivitetane, ta kontakt med Friviljugsentralen v/Ella Hoel, tlf.99693847.  
Eller du kan stikke innom.



## Lom BARNEKLANG

Lom Barneklang startar songøvingane att tysdag 8. september kl. 14:45. Vi øver på kyrkjelydshuset, og borna vert henta på skulen. Dei får eit enkelt måltid for vi set i gong. Øvingane varar til kl. 16:30. Alle som likar å syngje og som går i 1. klasse og oppover er hjarteleg velkomne! Ta gjerne kontakt med oss om du lurar på noko.

*Helsing Terje og Randi (tlf. 91363856)*



## Heim og ætt



### GARMO

05.07: Erik Øyen Smedsmo, døypt på Brimi sæter

### LOM

10.05: Magnus Løberg Myrhaug  
10.05: Mari Kristine Sæterdalen  
14.06: Håkon Husom Larsen, døypt i Lesja kyrkje  
02.08: Lukas Stenersen  
02.08: Mathias Larsen Fossmo, Dombås  
02.08: Emilie Haugen  
09.08: Egil Magnus Sva Kristiansen



### BØVERDALEN

06.06: Anne Glimsdal Bakke og Christoffer Midthun

### LOM

06.06: Ida Aamodt og Håvard Bergheim  
20.06: Martine Cecilie Holm og Kim Robert Fureli



### GARMO

23.06: Hallstein Sole, f. 1928  
07.08: Anton Øyen, f. 1934  
21.08: Eldri Kolden, f. 1937

### LOM

16.04: Eva Solveig Vangen, f. 1949  
29.04: Torstein Sandviken, f. 1929  
05.06: Marit Nørjordet, f. 1930  
12.06: Rønnaug Sjurgard, f. 1923

### Eftas- og kveldsmesser:

I messeplanen bak i bladet står det ei oversikt over alle messer ut november. Vi vil likevel gjere merksam på fylgjande messer som har andre tidspunkt enn kl.11:00:

#### LOM:

Kveldsmesse NB: Fredag 2. oktober	kl. 19:30
Helgemesse søndag 1. november	kl. 19:30
Ljosmesse søndag 29. november	kl. 15:00

#### GARMO:

Pres. av konfirmantane søndag. 11. okt.	kl.19:30
---	----------

#### BØVERDALEN:

Kveldsmesse søndag 13. september	kl. 19:30
Ljosmesse søndag 29. november	kl. 19:30

**Merk endring av telefonnummer til kyrkjjetenarane i Bøverdalen og Garmo kyrkjer frå 1. september**



## LOM KYRKJEKommune

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA** på Midtgard månd. – fred. kl. 10:00 - 14:00  
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.  
Bankkonto: 2085 07 11772

### LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD

Jon Kleiven, tlf. 970 32 594

### SOKNEPREST

Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40  
Prestegarden: 906 55 838  
e-post: soknepresten@lom.kommune.no

### KYRKJEVERJE

Borghild Skarelv, tlf. 61 21 73 38  
e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

### KYRKJELYSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR

Gunn Berit Vole Mørk, tlf. 61 21 73 39  
e-post: kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

### ORGANIST, KYRKJETENAR

Terje Blakarstugun

### KYRKJETENAR

Jonas Fjeld  
Tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00  
Tlf. Garmo og Bøverdalen kyrkjer,  
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00  
e-post: kyrkjjetenar@lom.kommune.no

### BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

### OMVISARTENESTA, tlf. 970 75 397

1. mai – 1. oktober  
(kontakt kyrkjekontoret elles i året)

### KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke, Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren og soknepresten

### SIDEOPPSETT OG TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50  
e-post: lasse@dg-trykk.no

**Prestane sin vakttelefon  
i Nord-Gudbrandsdal**

**VAKTNUMMER 414 81 457**

Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00  
Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00

**Stoff-frist for neste kyrkjeblad er  
20. november 2015**

## Gudstenesteplan

*Jfr. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune,  
skriv vi inn det som skjer i Skjåk kyrkjekommune*

<p><b>Sundag 06.09.2015</b> LOM KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p><b>15.sundag i treeningstida</b> Messe med barnedåp. Offer til ny golvløpar i Lomskyrkja.</p>	<p><b>Onsdag 28.10.2015</b> LOM HELSEHEIM kl. 11:00.</p>	<p>Andakt.</p>
<p><b>Sundag 13.09.2015</b> GARMO KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p><b>16.sundag i treeningstida</b> Messe. Offer til Sandomstiftinga.</p>	<p><b>Sundag 01.11.2015</b> LOM KYRKJE kl. 19:30.</p>	<p><b>Helgemessesundag</b> Helgemesse. Vi minnest dei som har gått bort det siste året.</p>
<p><b>Sundag 13.09.2015</b> BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.</p>	<p><b>16.sundag i treeningstida</b> Kveldsmesse. Offer til Bøverdalen Bygdelaag.</p>	<p><b>Sundag 08.11.2015</b> SKJÅK KYRKJE kl. 19:30.</p>	<p><b>24. sundag i treeningstida</b> Kveldsmesse, salmeslepp.</p>
<p><b>Onsdag 16.09.2015</b> LOM HELSEHEIM kl. 11:00.</p>	<p>Andakt.</p>	<p><b>Sundag 15.11.2015</b> GARMO KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p><b>25. sundag i treeningstida</b> Messe. Offer til eige arbeid.</p>
<p><b>Sundag 27.09.2015</b> SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p><b>18.sundag i treeningstida</b> Messe med konfirmanntjubileum. Offer til trusopplæringa i bygda.</p>	<p><b>Sundag 22.11.2015</b> NORDBERG KYRKJE kl. 18:00.</p>	<p><b>Siste sundag i kyrkjåret</b> Kunstvandring med 6-åringane, kveldsmesse.</p>
<p><b>Fredag 02.10.2015</b> LOM KYRKJE kl. 19:30.</p>	<p>Kveldsmesse med offer til eige arbeid.</p>	<p><b>Onsdag 25.11.2015</b> LOM HELSEHEIM kl. 11:00.</p>	<p>Andakt.</p>
<p><b>Sundag 04.10.2015</b> NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p><b>19.sundag i treeningstida</b> Hausttakkmesse. Offer til Blå kors.</p>	<p><b>Sundag 29.11.2015</b> LOM KYRKJE kl. 15:00.</p>	<p><b>1. sundag i adventstida</b> Ljosmesse der konfirmentane deltek. Offer til eige arbeid. Etter messa går vi i fakkeltog til Bergom, der juletreet vert tent.</p>
<p><b>Sundag 11.10.2015</b> BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p><b>20.sundag i treeningstida</b> Messe. Offer til eige arbeid.</p>	<p><b>Sundag 29.11.2015</b> BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.</p>	<p><b>1. sundag i adventstida</b> Ljosmesse. Offer til eige arbeid.</p>
<p><b>Sundag 11.10.2015</b> GARMO KYRKJE kl. 19:30.</p>	<p><b>20.sundag i treeningstida</b> Presentasjonsmesse, kom og møt/sjå konfirmentar. Offer til konfirmentarbeidet.</p>	<p><i>Vi tek atterhald om endringar. Sjå også annonse i Fjuken, oversikt i GD, samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune: <a href="https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune">https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune</a></i></p>	
<p><b>Sundag 25.10.2015</b> LOM KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p><b>Bots- og bededag</b> Hausttakkmesse med nattverdsbrød baka av 5-åringane i bygda. Utdeling av «Mi eiga kyrkjebok» til 4-åringane. Offer til trusopplæringa i bygda.</p>		

## Konfirmentbilete

Steinar Halset var sokneprest her i Lom frå 1971 til 1994, og han tok vare på dei fleste konfirmentbilete frå desse åra. Da han gjekk bort, fekk vi på kontoret samlinga frå familien hans.

Vi ynskjer å syne fram dette til alle som kjem innom kyrkjekontoret, så vi har hengt opp kopi av alle desse bileta på veggane her. Samlinga er meir eller mindre komplett frå 1973 til 1992, samt dei 6 siste åra frå 2010 til og med 2015. Vi ynskjer å utvide samlinga så langt det let seg gjere, og er interessert i bilete frå:

**Alt frå før 1973**

**Garmo 1973**

**Alle tre sokna i 1983**

**Garmo og Bøverdalen frå 1985**

**Alle tre sokna i 1990**

**Alle tre sokna i 1991**

**Alle tre sokna frå og med 1993  
til og med 2009**

Er det nokon som kan låne oss noko av dette, så vi kan få ein kopi på veggen? Da vert vi svært glade!